

## **Informasjon om SFO:**

### **Velkommen til Kleppe SFO, vi gler oss masse til å bli kjend 😊**

Vi har nokre dokument som er viktige at du som føresettt les. Desse dokumenta kan du finne på heimesida til SFO. [Kleppe skule - Nyheiter \(minskole.no\)](https://www.minskole.no)

- Årsplan, Klepp kommunes vedtekter og kommunale retningslinjer for føresette med barn i SFO
- Månadsplanar som vi legg ut i oppstart av ny månad.
- Kort informasjon om SFO på fleire ulike språk kan du også finne her.

På Klepp kommune si heimeside kan du finne prisar og diverse informasjon om SFO. [SFO - SkuleFritidsOrdninga - Klepp kommune](#)

Viktig:

- Alle elevar som skal gå heim sjølv skal ha mest mogleg faste gå heim tider. Vi sender heim på heile og halve timar. Sjekk at ditt barns “gå heim sjølv” tider er riktige i Visma. (skriv **alltid** merknad i “Visma tilstedeværelse” dersom du gjer endringar på tidene)
- Elevar som ikkje skal gå heim/til droppsonen på fast tidspunkt, må fysisk hentast på skulen når som helst. Det skal ikkje ringast frå droppsonen eller på parkeringsplassen for at vi skal sende ut. Bruk parkeringsplassen ved Klepp Ungdomsskule/Klepshallen, ikkje parker i byggefeltet rundt eller ved vegen langs skulen sine områder. Det er berre lov å køyre inn til rundkøyringa ved skulen med særskild tillatelse.
- Vi har påmelding/avmelding til alle feriar, og bruker dette til å setje opp arbeidsplan for dei tilsette. Dei som ikkje har meldt på innan fristen reknast som fri og kan ikkje kome på SFO i ferien. Du vil få forms-skjema i Visma til å melde barnet på eller av SFO i forkant av feriane, det er difor viktig at du har på varsel på Visma. Vi hjelper sjølvstilt om du treng hjelp til påmeldinga. Spør oss 😊 Ferie SFO i august har 1. trinn meldt seg på eller av ved å velje oppstartsdato ved påmelding til SFO, så dei treng ikkje tenke på anna påmelding for SFO i august.
- Vi har påmelding til morgon-SFO (kostar ikkje ekstra) Husk å gi beskjed i Visma tilstedeværelse eller til leiar i god tid før du ønskjer at barnet skal starte opp med å bruke morgon-SFO. Viss du alt har gjort det i visma ved påmelding til SFO har du morgonSFO frå oppstart på SFO. (pga. bemanning er det svært viktig at vi veit kor mange som i hovudsak vil bruke morgon SFO)

- **Beskjedar og fråvær frå SFO skal leggst som merknad i “Visma tilstedeværelse” seinast innan kl 10 om morgonen.** Viktige beskjedar som må gis seinare må ringast inn til basen i SFO si opningstid. Vi ønskjer likevel minst mogleg telefonar og tekstmeldingar på basetelefonane, for at dei tilsette skal kunne bruke tida på barna i staden for telefonen, og for å unngå mykje forstyrring i leik, misforståingar og feil.
- Det er lurt å setje seg inn i regler for oppseiing og endring av plass, følgje med på meldingar i Visma, månadsplan og årshjul.
- Informasjon frå SFO kjem på Visma og heimesida til skulen/SFO.
  - o Beskjedar og påmeldingar kjem i Visma
  - o Månadsplanar og ferieplanar legg vi på heimesida til SFO

### **Oppstart hausten -25:**

No gler vi oss til å treffe barnet ditt frå den dagen du har meldt barnet på SFO til hausten 😊

Første opningsdag for SFO hausten -25 er 4.august (Vi har planleggingsdag 01.08 og 13.08) Vi oppmodar alle nye 1.klassingar som startar i skuleferien til å kome mellom 9 og 10 den fyrste dagen. (Dette for å sikre at primærkontakten har kome på jobb og kan ta i mot barnet første dagen) Dei fleste barn blir ekstra slitne den fyrste tida fordi det er mange nye inntrykk og mange nye å bli kjende med, så om de har moglegheit for litt kortare dagar i starten så er det godt for dei fleste barn.

Alle som kjem før kl 8 (som har plass på morgonSFO) bruker den blå glassdøra på sørsida av bygget (ut mot haugen/skogen). Dørene ved garderobane opnar vi kl 8.

Elevar som skal ete frukost på morgonSFO må kome tidleg nok til at dei rekk å ete før kl 8. Dei som vil ete frukost må ta med eigen matpakke til det måltidet.

På ferie SFO serverer vi 2 måltid ca kl 10 og 13.30 + frukt før dei går heim.

Plan for ferie-SFO i august legg vi på heimesida til SFO på planleggingsdagen den 01.august. Husk å gi beskjed så fort du veit dersom elevar som er påmeldt SFO skal ha fri.

Ta gjerne kontakt med SFO-leiar Jane Skår om de har spørsmål.

[Jane.skår@klepp.kommune.no](mailto:Jane.skår@klepp.kommune.no), tlf 400 31 603. (minner om at SFO har stengd heile juli, så det kan gå tid før du får svar i den perioden)

1.trinn 909 53 269

2.trinn 477 81 197

3.trinn 908 21 157

4.trinn 908 70 893

Helsing oss ved Kleppe SFO